



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 18.08.2017
Vår ref.: 2016/14409
Arkivnr.: 434.11

Rogaland Sau og Geit

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

Att. Magne Jakob Bjørheim

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Skadefellingsløyve på jerv i Rogaland

Rogaland Sau og Geit får løyve til skadefelling av 1 individ av jerv i Sauda, Suldal, Hjelmeland og Forsand kommunar i Rogaland, i tida frå 17.08.2017 til og med 31.08.2017. Jakta skal utførast av det regionale skadefellingslaget i Rogaland, eventuelt i samarbeid med skadefellingslag i nabofylka.

Løyvet er gitt etter naturmangfaldlova § 18 første ledd bokstav b og § 77, jf. forskrift om forvaltning av rovvilt § 9, jf. også §§ 1 og 3. Det er knytt vilkår til løyvet.

Vi viser til felles søknad frå Rogaland Sau og Geit om løyve til skadefelling av jerv i Rogaland, Hordaland, Telemark og Agder i perioden 17.08.2017 – 09.09.2017. Søknaden er samordna med Rogaland- Hordaland- og Telemark Sau og Geit, Sau og Geit i Agderfylka samt Bondelaga og Småbrukarlaga i dei aktuelle fylka. Søknaden er datert 15.08.2017 og er motteke av oss 16.08.2017.

Fylkesmannen i Rogaland handsamar berre den delen av søknaden som gjeld felling av jerv i Rogaland fylke.

Bakgrunn

Søknaden er fremma på bakgrunn av dokumentert tap av sau til jerv i Brudle i Suldal kommune, sommaren 2017. Det er også funnen døde dyr (sau) som i etterkant av søknaden har blitt stadfesta drepne av jerv i Kvanndalen\Mælen, der mange sauer er på beite. Også i Hordaland rundt Haukeli er det mistenkt tap av sau til jerv. SNO skal undersøke desse i løpet av dagen.

I 2016 var det tap av sau til jerv i same område. Fylkesmannen i Rogaland fekk søknad om erstatning for 285 lam/sau drepne av jerv i grensetraktene Rogaland, Hordaland og Telemark i 2016. Dette er eit viktig beiteområde med fleire aktive beitelag.

For å førebygge tap under årets beitesesong felte Statens naturoppsyn (SNO) den 18. april i år ein jerv i Suldal kommune i Rogaland. Dei følgde då spor etter jerven over grensa frå region 2.

I 2016 vart 208 lam/sau erstatta som antatt tapt til jerv i Rogaland. I 2015 var tilsvarande tal 82 lam, og i 2014 46 lam/sau. Det er dokumentert 16 lam tatt av jerv i Suldal kommune i 2016.

Rogaland er del av rovviltregion 1 som ikkje har nasjonale mål om ynglande store rovdyr. Rovviltnemnda har i sin forvaltningsplan frå mars 2014, eit mål om å redusera skadar på bufe til eit minimum.

Fylkesmannen i Rogaland har hatt løypande kontakt med Rogaland Sau og geit samt skadefellingslaget om skadesituasjonen, og prøver i størst mogleg grad å samordna vedtaket med dei aktuelle fylka i saka.

Heimelsgrunnlag

Grunnlag for avgjerda er *Lov om forvaltning av naturens mangfald* § 18 b og § 77, *Forskrift om forvaltning av rovvilt* § 9 og forvaltningsplan for rovviltregion 1.

Naturmangfaldlova § 18:

«Kongen kan ved forskrift eller enkeltvedtak tillate uttak av vilt og lakse- og innlandsfisk. Punkt b:) for å avverge skade på avling, husdyr, tamrein, skog, fisk, vann eller annen eiendom...

... Vedtak etter første ledd bokstav a til f kan bare treffes hvis uttaket ikke truer bestandens overlevelse og formålet ikke kan nås på annen tilfredsstillende måte.»

Rovviltforskrifta § 9:

«Fylkesmannens myndighet til iverksetting av betinget skadefelling: Fylkesmannen kan av eget tiltak eller etter søknad fatte vedtak om iverksetting av felling for å forhindre fremtidig skade innenfor rammen av kvote for betinget skadefelling gitt av rovviltnemnden, jf. forskriften § 8...

... Ved vurderingen av om det skal gis tillatelse til skadefelling skal det legges vekt på føringene i regional forvaltningsplan, jf. forskriften § 6. Felling kan bare gjennomføres dersom det ikke finnes annen tilfredsstillende løsning ut fra prinsippet om geografisk differensiert forvaltning. Det skal særlig tas hensyn til

- a) områdets betydning som beitemark
- b) skadenes omfang og utvikling
- c) potensialet for fremtidige skader
- d) muligheten for å gjennomføre forebyggende tiltak.

Felling skal være rettet mot bestemte individer. Vedtak om felling skal være begrenset til et bestemt område, tidsrom og antall dyr. Det kan knyttes nærmere vilkår til fellingstillatelsen, herunder at bestemte typer dyr skal være unntatt, at felling skal foretas av nærmere bestemte personer, samt metoder for felling. Det kan også gis bestemmelser om dekning av påløpte utgifter i forbindelse med felling. Felling og forsøk på felling i henhold til denne bestemmelsen gjennomføres uavhengig av grunneiers jaktrett, jf. viltloven § 35»

Rovviltnemnda i region 1 har vedtatt ein kvote for betinga skadefelling på 8 jerv for heile region 1 i perioden 1. juni 2017 til og med 15. februar 2018, jf. nemnda sitt vedtak av 3. mars 2017.

Det er bestemt at soneinndelinga skal praktiserast tydeleg, jf. rovviltforliket punkt 2.2.19. Dette er ytterlegare presisert i brev frå klima- og miljøministeren til fylkesmennene og rovviltnemndene 28. april 2014. Her står det at det skal vere låg terskel for felling av rovvilt i prioriterte beiteområde der rovdyr har gjort skade eller kan rekne med at dei vil gjere skade.

I forvaltingsplanen for rovvilt i region 1 har rovviltnemnda lagt opp til at felling skal vere det viktigaste førebyggjande tiltaket for å redusere skade på bufe til eit minimum. Fylkesmannen skal vektlegge føringane i den regionale forvaltingsplanen under handsaming av skadefellingssøknadar, jf. rovviltforskrifta § 9.

Vurdering

Naturmangfaldlova § 5 slår fast at me skal ta vare på artar og det genetiske mangfaldet på lang sikt, og artane skal ha levedyktige bestandar i sine naturlege leveområde. På Norsk rødliste for artar 2015 (Artsdatabanken) er jerven karakterisert som EN (sterkt trua). Andre viktige samfunnsinteresser spelar likevel ei avgjerande rolle for kor store rovviltbestandane i Noreg får lov til å bli. Rovviltforskrifta fastset nasjonalt mål om 39 årlege ynglingar av jerv, fordelt på fleire regionar, men ingen i region 1. For 2016 vart det dokumentert 50 ynglingar (Rovdata), og alle dei fire siste åra har talet på ynglingar vore over nasjonalt måltal.

Skadefelling kan berre setjast i verk dersom det ikkje finst andre tilfredsstillande løysingar ut frå prinsippet om geografisk differensiert forvaltning, jf. rovviltforskrifta § 9. Området sin verdi som beitemark, dokumentasjon av skade, potensialet for framtidige skadar og høve til å gjennomføre førebyggjande tiltak vert vurdert spesielt.

Naturmangfaldlova § 7 krev at utøving av offentleg mynde som vedkjem naturmangfaldet skal vurderast etter prinsippa i same lov §§ 8 – 12 før ein gjer vedtak.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er godt når det gjeld jerv, jf. nasjonalt overvåkingsprogram. Vidare ligg dialog med SNO, tapshistorikken i området og forvaltningsplan for rovvilt region 1 til grunn for avgjerda.

Føre-var-prinsippet (§ 9) er relevant i forhold til innavl. Overvåkingsprogrammet gjev ein god oversikt over samla belastning (§ 10) for jervebestanden. Med gode ynglingtal på samla bestand, er vår vurdering at uttak av eit individ i Rogaland ikkje vil gje ei belastning på jervbestanden som går ut over forvaltningsmålet i naturmangfaldlova § 5.

Etter § 11 skal kostnadar dekkast av tiltakshavar. Dette er ikkje relevant i dette høvet, då kostnadane ved fellingsforsøket er regulert av rovviltforskrifta § 9a.

§ 12 set krav til å nytte miljøforsvarlege teknikkar og metodar ut frå eit best mogleg resultat for samfunnet. Bruk av helikopter eller anna motorisert køyretøy blir i så måte ikkje aktuelt. Motorisert ferdsel i utmark er forbode gjennom motorferdselslova § 3, og eventuelt løyve til transport av jegerar ut i terrenget må søkast kommunen. Fylkesmannen er negativt innstilt til bruk av motorisert køyretøy i samband med jakt og skadefelling generelt, særskilt nå i villreinjakta. Fylkesmannen vil derfor ikkje gi dispensasjon etter rovviltforskrifta § 9.

Når det kjem til bruk av laus hund (ikkje laus på drevet halsande) til jakt på jerv, kan Fylkesmannen gi dispensasjon for dette, jf. rovviltforskrifta § 9. Fylkesmannen gir med dette dispensasjon til bruk av laus hund knytt til skadefellinga, men minner om at det også må søkast kommunen i høve til hundelova samt eventuelt til verneområdestyra om ein skal gå innanfor verneområde.

Vidare vil det vere naturleg å bruke kunstig lys i samanheng med oppsyn av saueflokkar på kvelden\ntatta, i form av lommelykt eller nattkikkert. Om ein då skulle få ein jerv i nærleiken av saueflokken, vil det vere ulogisk å skru dette av for å skyta på jerven. Me gir derfor også dispensasjon til bruk av kunstig lys jf. viltlova, kap. VI, § 20, i samband med jakta i ovanfor nemnte situasjon, jf. rovviltforskrifta § 9. Dette skal ikkje vere fastmontert på våpen.

Det regionale fellingslaget i Rogaland må samarbeide med SVR og SNO om ein best mogleg utøving av fellingsforsøket.

Heile området er viktig som beitemark for sau, og vi vurderer skadepotensialet som vesentleg. Det beiter mykje sau i området, og jerven bruker å bli verande over vinteren. Ut frå at lisensjakta ikkje synes å vera tilstrekkeleg effektiv, er det ikkje andre realistiske førebyggjande tiltak.

Etter ei samla vurdering meiner vi derfor at vilkåra for å gi løyve til skadefelling av 1 individ av jerv i Hjelmeland Sauda, Suldal og Forsand kommunar er til stades.

Vedtak

Fylkesmannen i Rogaland gjev løyve til skadefelling av 1 individ av jerv til Rogaland Sau og Geit. Løyvet er avgrensa til Hjelmeland, Sauda, Suldal og Forsand, i tida frå og med 17.08.2017 til og med 31.08.2017. Lovheimel er naturmangfaldlova § 18 bokstav b og § 77, og forskrift om forvaltning av rovvilt § 9. Det er knytt vilkår til løyvet.

Følgjande vilkår gjeld:

- 1. Felling skal utførast av personell tilknytt Rogaland regionale skadefellingslag ved fellingsleiar Arve Aarhus. Dersom andre jegerar skal involverast er fellingsleiar ansvarleg for å utnemne desse. Fellingsleiar har ansvar for at alle deltakarar er kjende med innhaldet i dette brevet og dei generelle reglane i rovviltforskrifta og i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst. Ved parallelle skadefellingsløyve i tilgrensande fylke, pliktar skadefellingslaga å koordinere innsatsen seg imellom, og å ha kontinuerleg kommunikasjon gjennom jakta.*
- 2. Skadefellingsforsøket skal rettast mot det skadegjerande individet.*
- 3. Fellingsleiar skal også ta kontakt med SNO for rettleiing og praktisk informasjon før dei startar, og ha dialog med SNO undervegs.*
- 4. Alle deltakarar i fellingslaget skal vere registrerte lisensjegerar på jerv i Jegerregisteret. Dei skal ved bruk av rifle ha avlagt skyteprøve seinast i 2016.*
- 5. Det skal berre nyttast våpen og ammunisjon som er i samsvar med krav til jakt på jerv, jf. forskrift av 22. mars 2002 om utøving av jakt, fangst og felling.*
- 6. Ved funn av døde dyr i felt kan desse nyttast som åte. Bruk av kunstig lys i samanheng med eventuelle åte, eller i samanheng med oppsyn av sau om nettene vil vera tillate. Slikt ustyr skal ikkje vera fastmontert på våpen.*
- 7. Bruk av laus hund må berre skje etter løyve frå kommunane og eventuelt verneområdestyra.*
- 7. Felling eller forsøk på felling skal straks meldast til Fylkesmannen (51 56 87 50/944 34 959) og SNO. Den som feller dyr skal framvise felt dyr for SNO for kontroll, merking og prøvetaking av biologisk materiale. Skyttar skal kunne påvise fellingsstad eller skotplass etter oppmoding frå SNO, Fylkesmannen eller politiet, jf. rovviltforskrifta § 16.*
- 8. Felt jerv er viltfondet sin eigedom. Ingen kan på noko vis gjere seg nytte av felt dyr eller*

delar av dyret utan samtykke frå Miljødirektoratet. Felt dyr skal så raskt som mogleg fraktast til Norsk institutt for naturforskning i Trondheim.

9. Dersom jerv blir skadeskoten pliktar dei ansvarlege å gjere det dei kan for å avlive dyret snarast mogleg. Skyttar pliktar å forvise seg om dyr det er skote på er treft eller ikkje. Ved skadeskyting skal skyttar straks melde frå til Fylkesmannen, SNO og næraste politimynde. Fylkesmannen avgjer vidare gjennomføring og avslutting av fellingsforsøk. Fellingslaget har plikt til å delta i ettersøk utan vederlag.

11. Felling og forsøk på felling i samsvar med dette løyvet er ikkje avhengig av grunneigar sin jaktrett, jf. viltlova § 35.

12. Fylkesmannen kan dekke direkte og dokumenterte utgifter til fellingsforsøket opp til kr. 10 000,-. Fellingsleiar har ansvar for å sende inn dokumentasjon på utgifter innan 2 veker etter fellingsperioden er slutt til Fylkesmannen.

13. Deltakarar i fellingslaget har krav på godtgjering på same vis som kommunale fellingslag jf. rovviltforskrifta § 9a. Brev frå Miljøverndepartementet av 15.09.2011 set føringar for praktisering av § 9a. Døgnsatsen per jeger er maksimalt kr. 1400,-. Dette gjeld for døgn der jegeren har vore aktiv i forsøk på skadefelling. Dersom jegeren berre har vore aktiv kort tid av døgnet, bør satsen justerast ned. Fylkesmannen sett ei ramme på kr 20 000,- som kan nyttast til godtgjering, feriepengar og arbeidsgivaravgift.

14. Fylkesmannen kan når som helst trekke tilbake løyvet dersom ny kunnskap tilseier det. Dersom jerv blir felt i lisensfelling i same område, vert løyvet automatisk trekt tilbake. Kvar deltakar skal føre timeliste og logg over køyring med bil, og sende det til fellingsleiar. Fellingsleiar har ansvar for å sende inn dokumentasjon på krav om godtgjering innan 2 veker etter fellingsperioden er slutt til Fylkesmannen. Det er ikkje pårekeleg at alle utgifter til fellingsforsøket blir dekt.

Fellingsleiar har ansvar for at fellinga blir utført innanfor budsjettet for godtgjering.

Om skadesituasjonen blir forverra, ved at jerven trekker ut av det geografiske området løyvet er gitt for, eller tida ikkje strekk til for å få fella dyret medan skadesituasjonen held fram, vil Fylkesmannen kunne utvida løyve både i tid og rom på kort varsel.

Økonomisk godtgjering for fellingsforsøket

Fylkesmannen legg til grunn at fellingsforsøket vert gjennomført på ein effektiv og føremålstenleg måte. Utbetalinga skal skje på grunnlag av vilkåra i kommentarane til rovviltforskrifta, rapport frå fellingsleiar om skadefellingsforsøket og tida som er nytta. Det regionale fellingslaget for rovvilt i Rogaland pliktar å sende skadefellingslogg til Fylkesmannen så snart som mogleg etter at fellingsforsøket er avslutta. Det regionale skadefellingslaget søker Fylkesmannen i Rogaland om kompensasjon etter vilkåra som nemnt over. Det er ikkje pårekeleg at alle utgifter til fellingsforsøket blir dekt.

Vi legger til grunn at regionale fellingslag er omfatta av kompensasjonsordninga på lik linje med kommunalt oppnemnte lag, jf. kommentarane til rovviltforskrifta § 9a.

Klagerett

Vedtaket kan klagast på innan 3 veker til Miljødirektoratet etter forvaltingslova sine reglar. Klagen skal sendast om Fylkesmannen i Rogaland.

Med helsing

Audun Steinnes
fung. ass. miljøvernssjef

Stian Philip Andersen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Stian Philip Andersen
Saksbehandlar telefon: 51568750
E-post: fmrospa@fylkesmannen.no

—
Vedlegg:
Adresseliste kopimottakarar.